

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/9451-19

Bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane - overføring av valrett

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget overfører fylkeskommunen sin valrett til styra i bustadstiftingane til Helse Førde. Helse Førde vel då to av tre styremedlemer for bustadstiftingane i Nordfjardeid og Lærdal, og tre av fire medlemer for bustadstiftinga i Førde. Leigebuarane held fram med å velje ein medlem til styra for kvar av stiftingane. Styret vel styreleiar.
2. Dersom Helse Førde ikkje aksepterer ein slik delt valrett, skal heile valretten overførast til Helse Førde. Styret vel styreleiar.
3. Dersom omdanninga går ut på delt valrett mellom Helse Førde og leigebuarane, legg fylkestinget til grunn at dei med valrett samordnar seg med omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem. Endeleg føreset delt valrett at endringa av vedtektene må omfatte ei regulering av valintervall slik at delar av styret er på val kvart 2. år.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket. Styret må vurdere om det er andre endringar i vedtektene som må gjerast for å få vedtektene i samsvar med lov.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak når styret søker om omdanning.
6. Dersom styret sin søknad om omdanning omfattar andre vedtektsendringar enn det som går fram av dette vedtaket i fylkestinget, får fylkesutvalet delegert mynde til å gje fråsegn.

Vedlegg:

Brev frå Helse Førde dagsett 4.7.16
Brev frå Helse Førde til Stiftingstilsynet dagsett 4.3.16
Brev frå fylkeskommunen til Helse Førde dagsett 15.2.16
Brev frå Helse Førde dagsett 18.12.15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Saksframstilling og protokoll, fylkestingssak 34/15
Saksframstilling og protokoll, fylkesutvalssak 105/13
Saksframstilling og protokoll, fylkestingssak 46/12

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Helse Førde motset seg delt valrett til styra i bustadstiftingane i Nordfjord, Førde og Lærdal slik den går fram av fylkestinget sitt vedtak i sak 34/15. Mi tilråding i saka er ikkje er i samsvar med dette vedtaket og saka må difor attende fylkestinget.

2. Bakgrunn for saka

Det følgjer av vedtektene til dei tre bustadstiftingane i Lærdal, Nordfjordeid og Førde at FU peikar ut hhv. to av tre og tre av fire styremedlemar. Sidan Helse Førde overtok sjukehusa den 1.1.2002 har stiftingane leigd ut bustadmassen til Helse Førde. Etter dette har fylkeskommunen ikkje lenger hatt bruk for stiftingane sidan ansvaret for dei tilsette ved sjukehusa vart overteke av Helse Førde. I forbindelse med handsaminga av Eigarmelding 2012 vedtok fylkestinget i sak 42/12 å gjere naudsynte vedtektsendringar i stiftingane slik at Helse Førde overtok fylkesutvalet sitt mynde til å peike ut styremedlemmar.

Saka vart følgd opp i fylkesutvalet i sak 105/13, som vedtok at eg fekk fullmakt til å gjere naudsynte tiltak for å søkje om og gjennomføre søknadsprosessen om vedtektsendring, slik at Helse Førde i framtida vel styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal, styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid og styret i Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane.

I etterkant av dette vedtaket stoppa saka opp. Årsaken var mellom anna at eit av styra tok til orde for ei fordeling av valretten mellom helseføretaket og vertskommunen for stiftinga. Styret meinte dette ville vere i tråd med føremålet til stiftinga slik det hadde utvikla seg, og styret ynskta i same omdanning å justere føremålet. I den etterfølgjande prosessen vart det forhandla fram ei minneleg løysing med delt valrett mellom Nordfjordrådet, Sogn Regionråd og Førde kommune og Helse Førde for dei tre bustadstiftingane. Denne løysinga vart lagt fram i sak 34/2015 og fylkesutvalet slutta set til dette, med den endring at vertskommunane Lærdal og Eid erstatta Sogn regionråd og Nordfjordrådet.

Fylkestinget fekk saka til handsaming i møte 13. oktober 2015, og gjorde følgjande vedtak:

1. Fylkestinget overfører fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane slik:

a. Bustadstiftinga for Fylkessjukehuset i Lærdal: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Lærdal kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.

b. Bustadstiftinga for Fylkessjukehuset på Nordfjordeid: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Eid kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.

c. Bustadstiftinga for Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Førde kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.

d. Fylkestinget legg til grunn at dei med valrett samordnar seg med bakgrunn i omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem.

2. Overføringa av valretten føreset at den som får denne retten aksepterer ei slik overføring.

3. Dersom den som får denne valretten ikkje ynskjer slik overføring, skal valretten overførast til styret i Helse Førde i sin heilskap. Fylkestinget ser i tilfelle ikkje behov for at styret i Helse Førde skal velje styreleiar, men at praksis held fram med at styret vel sin eigen leiar.

4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.

Vedtaket medførte at fordelinga av valretten mellom Helse Førde og vertskommunane vart snudd om. I tillegg vedtok fylkestinget også å redusere tal medlemer i styret til stiftinga i Førde frå fire til tre.

I etterkant av vedtaket har resultatet blitt formidla til dei involverte i saka. I dette tilfelle er det ikkje kommunane som motset seg valretten, men Helse Førde har i brev dagsett 18.12.15 motsett seg fordelinga av valretten slik den går fram av fylkestinget sitt vedtak (ref. punkt 3 i vedtaket). Bakgrunnen for dette er at dei meiner at valretten i sin heilskap som utgangspunkt skal ligge til sjukehuseigar. Eg finn det difor naudsynt å ta saka attende til fylkestinget for handsaming igjen.

I etterkant av vedtaket har det vore gjennomført møte med Helse Førde. Helse Førde har vore i dialog med stiftingstilsynet, sjå brev frå Helse Førde til stiftingstilsynet dagsett 4.3.16 og brevet frå Helse Førde til fylkeskommunen dagsett 4.7.16 etter at dei har motteke attendemelding frå stiftingstilsynet. Sistnemnde brev tek opp nokre problemstillingar som eg har gjennomgått i punkt 3 nedanfor.

3. Vurderingar og konsekvensar

Helse Førde (HF) har stilt spørsmål om fylkestinget er rett organ til å vedta eller initiere endringar i vedtektene til bustadstiftingane, om vedtaket til fylkestinget i sak 34/15 kan heimlast i stiftingslova § 46, 2. ledd og om ei endring av formål slik at stiftingane også skal kunne leige ut til andre enn sjukehusstilsette er i tråd med stiftingslova § 46.

Allereie i brevet til fylkeskommunen dagsett 18.12.15 stilte HF desse spørsmåla. Dette brevet svarte administrasjonen på i brev dagsett 15.02.16. Helse Førde har i etterkant av dette vore i dialog med stiftingstilsynet om dei same spørsmåla (brev dagsett 4.3.16), og har på nytt sendt eit brev til fylkeskommunen den 4.7.16 då dei ikkje er samd i administrasjonen sine vurderingar.

Spørsmål om fylkestinget er rett organ til å vedta eller initiere endringar i vedtektene.

Som administrasjonen i sitt brev av 15.02.15 svarte HF, er fylkestinget er det øvste organet i fylkeskommunen, og all mynde i fylkeskommunen er forankra i fylkestinget. Det følgjer av kommunelova § 6 at fylkestinget gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak. Nokre avgjerande vedtak kan berre gjerast av fylkestinget sjølv, men dei aller fleste avgjerder kan delegerast til andre organ. Fylkestinget har delegert valrett og mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar i stiftingar, til fylkesutvalet, jf. Delegerings- og innstillingsreglement for Sogn og Fjordane fylkeskommune punkt 4.1 og 4.5. Fylkestinget kan likevel når som helst ta attende delegert mynde, instruere underordna organ i konkrete saker, eller vedta at fylkestinget sjølv vil gjere avgjerd i ei bestemt sak som fell innanfor ramma av eit generelt delegeringsvedtak.

At det i vedtektene står at det er fylkesutvalet, og ikkje Sogn og Fjordane fylkeskommune, må bygge på ein føresetnad om at det er fylkesutvalet som har fått delegert mynde frå fylkestinget i både valsaker og i spørsmål om fylkeskommunen skal vere med som opprettar av stiftingar. Vedtektene til stiftingane kan ikkje innskrenke fylkestinget sitt mynde. Det kan ikkje ha vore vår intensjon som opprettar å innskrenke fylkestinget sitt mynde ved utforming av vedtektene. Det er såleis ingen tvil om at fylkestinget kan gjere vedtak i ei sak om endring av vedtektene til bustadstiftingane. Eg er difor usamd med Helse Førde si vurdering av at det ikkje er eit delegeringsvedtak, men vedtektene som plasserer mynde hjå fylkesutvalet.

Spørsmål til om vedtaket til fylkestinget i sak 34/15 er i samsvar med stiftingslova.

HF meiner at spørsmålet om valrett skulle vore vurdert opp mot stiftingslova § 47.

Det er rett som HF peiker på i sitt brev dagsett 4.3.16 at det følgjer av vedtektene at to av tre styremedlemer for stiftinga i Lærdal og Nordfjordeid skal peikast ut av fylkeskommunen, medan den siste medlemen ikkje skal ha tilknytning til fylkeskommunen. Praksis har vore at den peikast ut av leigebuarane. For stiftinga i Førde peiker fylkeskommunen ut tre av fire medlemer, medan leigebuarane peiker ut den fjerde, jf. vedtektene. Årsaka til dette er kravet i stiftingslova § 27, 3. ledd om at den som har avsett kapital til stiftingane ikkje skal kunne vere dei einaste styremedlemene i vedkomande stifting.

Dersom fylkeskommunen vel å overføre heile valretten til Helse Førde vil ikkje dette kome i konflikt med stiftingslova § 27, 3. ledd, sidan Helse Førde ikkje har «avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital» i stiftinga. Føreseigna i stiftingslova er såleis etter mitt syn ikkje til

hinder for ein overføring av heile valretten til Helse Førde. Eit anna spørsmål er om praksisen med fordeling av valrett mellom sjukehuseigar og leigebuarane er hensiktsmessig. Dette har Helse Førde ikkje gått nærare inn på i si attendemelding til fylkeskommunen.

Etter stiftingslova § 45, 1. ledd er ei vedtektsendring å rekne som ei omdanning i lova sin forstand og reglane i lova sitt kapittel 6 må følgjast.

Tidlegare har administrasjonen vurdert omdanning etter regelen i stiftingslova § 46, 2. ledd. HF meiner at endring av valrett må vurderast etter reglane for omdanning etter § 46, 1. ledd, og såleis også må vurderast opp mot § 47, 1. ledd.

Som utgangspunkt held eg fast ved at overføring av valretten slik den gjekk fram av mi tilråding i sak 34/15 fell under stiftingslova § 46, 2. ledd. § 47, 1. ledd kjem såleis ikkje til bruk i dette tilfellet. En endelege valrettsfordelinga som vart vedteken i fylkestinget i same sak er ikkje vurdert i saksframstillinga.

Det følgjer av § 46, 2. ledd at dersom «*bestemmelsen ikke gjelder formålet med stiftelsen, og det ellers må antas at det ved opprettelsen ikke er lagt vesentlig vekt på den, kan omdanning skje når bestemmelsen viser seg å være uheldig eller uhensiktsmessig*». Regelen omfattar først og fremst vedtektsføresegner av administrativ og organisatorisk karakter, til dømes føresegn om styret sine oppgåver og samansetnad. Forarbeida nemner «*fremgangsmåten ved styrevalg*» som eit eksempel på ei meir uviktig føresegn som vil felle under andre ledd. (Ot.prp.nr.15 (2000-2001) s. 122) Næring- og fiskeridepartementet har også uttalt at omdanningsvilkåret i andre ledd typisk vil omfatte «*oppnevning og sammensetning av styret*».

Ei vedtektsføresegn om valrett vil altså vanlegvis falle under § 46, 2. ledd, med mindre det er grunn til å tru at føresegna var av særleg tyding for opprettar. Eg kan ikkje sjå at det ved opprettinga vart lagt vesentleg vekt på at fylkesutvalet skulle peike ut styremedlemene. Siktemålet med stiftinga er å sikre bustadar til dei tilsette hjå sjukehusa. Uansett kven som peikar ut styremedlem, pliktar dei valde styremedlemene å syte for at stiftinga sitt formål blir vareteke, jf. stiftingslova. § 30, 3. ledd. Det er såleis ikkje av vesentleg tyding at det er fylkeskommunen som peikar ut medlemene. Når fylkeskommunen ikkje lenger har ansvaret for drifta av sjukehusa, er det dessutan «uhensiktsmessig» at vi peikar ut styremedlem. Omdanning kan følgjeleg skje i samsvar med § 46 andre ledd.

Dersom vedtektsføresegna om valrett likevel må reknast som «en (...) bestemmelse som det må antas at det ble lagt vesentlig vekt på ved opprettelsen av stiftelsen», er fylkeskommunen uansett av den oppfatning at fylkestinget sitt vedtak er i samsvar med § 47 første ledd. Regelen slår fast at «*omdanningen så langt som mulig [skal] tilpasses det opprinnelige formålet eller det siktemålet som det må antas at lå til grunn for bestemmelsen*». I dette ligg det at opprettar sin vilje skal respekterast så langt som mogleg. Omdanningsvedtaket skal ikkje fjerne seg lenger frå det opphavlege formålet enn det som etter omdanningsgrunnen i det enkelte tilfelle er naudsynt. Både bokstav c) og d) i § 46 første ledd er aktuelle omdanningsgrunnar i dette tilfellet. Overføring av drifta til sjukehuset frå fylkeskommunen til Helse Førde, gjer at opprettar sine føresetnadar for føresegna om valrett har svikta, samt at føresegna er «*åpenbart ufornuftig*».

Bakgrunnen for § 47 første ledd er respekten for, og omsynet til, opprettar sin vilje. Kravet til innhald skal sikre formålet med stiftinga og opprettar sin vilje. Det er eit overordna prinsipp at det skal leggjast stor vekt på opprettar sin vilje i omdanningssaker. I denne saka er det opprettar sjølv som ønskjer å overføre valretten sin til andre. Dersom både opprettar og styret er samde om å overføre opprettar sin valrett til andre, meiner vi det er lite truleg at stiftelsestilsynet vil kome til at endringa er i strid med stiftingslova. Det ville stilt seg annleis om styret til dømes prøvde å ta frå opprettar valretten mot opprettar sin vilje. Vår vurdering er etter dette at fylkestinget sitt vedtak er i samsvar med reglane i stiftingslova

Fordelinga av valretten slik den går fram av fylkestinget sitt vedtak er initiert av at ein av stiftingane ynskjer å endre sitt føremål, medan ei anna stifting ynskjer at valretten skal fordelast på hhv. Nordfjord Regionråd, Helse Førde og fylkeskommunen. Bakgrunnen for ønsket om at regionrådet skal velje ein representant er sett i lys av Samhandlingsreforma, der Nordfjord-kommunane m.a. har inngått forpliktande samarbeid med HF knytt til både legevaktsentral og sengeavdeling lokalisert til Nordfjord sjukehus.

Om endring av formålet viser eg til vurderinga nedanfor. Dersom ei slik formålsendring for stiftinga i Førde ikkje blir søkt om eller godkjent av stiftingstilsynet, er føresetnadane for fordelinga av valretten endra. Dette kan tale for at fylkeskommunen må legg til grunn formålet slik det er i dag i vurderinga av kven som skal få valrett til styra for stiftinga i framtida.

Uavhengig av om endringa må følgje 1. eller 2. ledd i stiftingslova § 46, meiner eg at fylkestinget må vurdere føremålet til stiftingane når dei skal ta stilling til fordeling av valrett. Hovudsakleg fordi Helse Førde har varsla at dei ikkje vil akseptere valretten som er tildelt dei, når fordeling av val-retten er slik den går fram av fylkestinget sitt vedtak i sak 34/15. Det er naudsynt å kome fram til ei alternativ løysing. Eg meiner det ikkje vil vere ei god løysing å halde sjukehuseigar utanfor i prosessen med val av styremedlemar til stiftingane.

Eg deler utgangspunktet til Helse Førde om at valretten bør overførast frå tidlegare til ny sjukehus-eigar, sjå også tilrådinga som vart vedteken i sak 32/12 Eigarmelding 2012.

Det må takast stilling til om det er naudsynt at stiftingane har likelydande reglar om kven som har valrett. Stiftingane er organisert som eigne stiftingar og er ikkje juridisk bunde saman. Vidare er stiftingane ikkje avhengig av kvarandre i den daglege drifta. Dette talar for at det kan vere ulikt regulert kven som skal ha valretten ut frå stiftinga verksemd og føremål.

På den andre sida vil det vere unaturleg at sjukehuseigar, Helse Førde, berre har valretten ovanfor enkelte av bustadstiftingane og ikkje andre. Det vil hindre potensiell heilskapleg tenking frå sjukhuseigar si side. Det talar for at Helse Førde anten har heilt eller delvis valrett til styra i alle tre stiftingane.

Ved handsaminga av Eigarmelding 2012, var det lagt til grunn i saksframstillinga at fylkeskommunen ikkje lenger hadde bruk for stiftingane etter at ansvaret for dei tilsette ved sjukehusa vart overteke av Helse Førde. Eg meiner at å overføre hovuddelen av valretten til vertskommunane, som ikkje er sjukehuseigar, ikkje er i samsvar med føremålet til dagens stiftingar. Dersom ei endring av vedtektene for stiftinga i Førde slik at føremålet vert endra, vil ikkje dette endre primærføremålet, som er å sikre bustader for dei tilsette ved sjukehusa. Slik sett kan dette tale for at ei vedtektsendring der hovuddelen av valretten går til vertskommunane ikkje vil opptre verken «hensiktsmessig» eller i tråd med føremålet til stiftinga, jf. § 46, 1.ledd og § 47. Denne løysinga var heller ikkje vurdert i saksgrunnlaget fylkestinget fekk lagt føre seg før vedtaket vart fatta.

Eg er samd med HF i at ei overføring av heile valretten til HF ikkje vil medføre ei uheldig rolleblanding og medføre interessekonfliktar som er i strid med lov. Eg vil her peike på at situasjonen var den same når fylkeskommunen var sjukehuseigar. Vi er ikkje kjent med at nye høve tilseier ei anna organisering. Andre bustadstiftingar har ikkje gjort gjeldande at det vil oppstå utfordringar knytt til rolleblanding og habilitet dersom Helse Førde overtek valretten. Fylkesrådmannen legg til grunn at den som skal ha valrett til styret tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslov a § 37 når dei vel sine medlemmer og at denne føresegna hindrar at ein styremedlem deltek i *«behandlingen eller avgjørelsen av spørsmål som har slik særlig betydning for ham eller henne selv eller for hans eller hennes nærstående, at vedkommende må anses for å ha en fremtredende personlig eller økonomisk særinteresse i saken»*..

Rolla som styremedlem i ei stifting er personleg, på lik linje som for ein styremedlem i eit aksjeselskap. Ein styremedlem skal ta omsyn til stiftinga sine interesser i sitt verke som styremedlem. Dersom ein styremedlem er tilsett eller er valt inn i organ i HF, vil forvaltningslova sine reglar om habilitet gjelde for sakshandsaminga i saker som vedkjem bustadstiftingane.

Endeleg kan eg ikkje sjå at HF sitt argument om at det er klare ulemper med ein delt valrett til styra, både med tanke på å sikre rett kompetanse og kjønnsrepresentasjon i styret, er avgjerande. Dette er problemstillingar som ikkje vil vere eineståande for dette tilfellet, men som t.d. er ei alminneleg problemstilling i andre stiftingar med delt valrett og selskap med fleire eigarar. Slike problemstillingar kan løysast ved at dei som har ansvar for å peike ut styremedlemmer gjer avtalar seg i mellom når det gjeld kompetansekrav og kjønnsfordeling i styret.

For stiftinga sin del er det viktig at saka vert avklara. Helse Førde vil ikkje akseptere valretten dei har fått tildelt, når fordelinga er slik den går fram av fylkestinget sitt vedtak. Det er difor naudsynt å komme fram til ei alternativ løysing. Eg ser det ikkje som tilrådeleg at sjukehuseigar ikkje skal vere involvert i val av styret til stiftingane i det heile teke.

Det opphavlege målet for initiativet til fylkeskommunen var å bli kvitt administrasjonsoppgåver knytt til stiftingane vi ein gong oppretta men ikkje har bruk for lenger. Opphavleg var meininga

å overføre plikter og rettar frå tidlegare til ny sjukehuseigar. Med tanke på føremålet til dagens stiftingar, tilseier ikkje dette ein delt valrett med vertskommunane. Eg meiner at lovverket ikkje er til hinder for at valretten i sin heilskap vert overført til HF, men ser det også som eit alternativ å la dagens praksis med at leigebuarane vel ein medlem bli vidareført. Dette har imidlertid Helse Førde ikkje fått høve til å kommentere på. Eg vel likevel å legge fram ei tilråding der valretten vert overført til Helse Førde og leigebuarane. Eg gjev vidare tilråding om at styret for stiftinga i Førde framleis skal bestå av fire, og ikkje tre, medlemmer.

Helse Førde har ikkje fått seg førelagt spørsmål om dei framleis er innstilt på akseptere valrett i tråd med tilrådinga som eg opphavleg la fram i sak 34/15.

Kort om styreval i stiftingane

Etter stiftingslova § 28 er styremedlemene si tenestetid på 4 år, med mindre noko anna er fastsett i vedtektene. For dei tre bustadstiftingane er dette regulert i vedtektene og lova si te nestetid gjeld for styremedlemene. Ved delt valrett bør det vurderast å regulere valintervall slik at delar av styret er på val annakvart år. Dette vil kunne sikre kontinuitet i styrearbeidet og det må vurderast særskilt ut frå det aktuelle styret sine arbeidsoppgåve om det er behov for ei slik organisering av styrevalet.

Det følgjer av stiftingslova § 2 6 (2) at styreleiar vert valt av styret, med mindre det ikkje er bestemt noko anna i vedtektene.

Tal styremedlemmer for stiftinga i Førde

I det endelege vedtaket til fylkestinget i sak 34/15 vart tal styremeldemar for styret i Førde endra frå fire til tre. Etter slik eg oppfatta handsaminga av saka i fylkestinget, har dette ikkje vore tilsikta frå dei som sette fram endringsforslaget. Eg ser ingen argument for å endre tal styremedlemar frå det som opphavleg har vore. Eg tilrår difor at fylkestinget gjer om sitt eige vedtak, slik at styret for stiftinga i Førde framleis består av fire medlemmer.

Endring av formål for stiftinga i Førde

Siste problemstilling gjeld endring av formålet til Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane. Styret i bustadstiftinga ved sentralsjukehuset vedtok på styremøte 29.4.14 å starte endringar i gjeldande vedtekter med mål om å endre stiftinga sitt føremål, jf. styresak 04/14. Stiftinga framhevar at hovudprioriteten med stiftinga framleis skal vere dei tilsette ved sentralsjukehuset, men at føremålet vidare skal opne for andre leigetakarar, t.d. tilsette og studentar ved høgskulen.

I brevet frå HF står det at saksdokumenta og debatten i fylkestinget syner at «*det vert teke til orde for ei endring av formål slik at stiftingane også skal kunne leige ut til andre enn sjukehustilsette*», og at Helse Førde ikkje kan sjå at ei slik endring er vurdert i lys av stiftingslova § 46.

Det er styret i Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane som ønskjer – og har initiert - denne endringa. Ved brev av 25.06.14 og 29.08.14 gav styret uttrykk for at behovet for større leilegheiter er mindre, og at stiftinga har utfordringar med å få tilfredsstillande inntekt på dei største leilegheitene. Stiftinga ser difor på moglegheiter for å leige ut desse leilegheitene til andre enn tilsette på sentralsjukehuset, til dømes studentar og tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det vart presisert at tilsette ved sentralsjukehuset framleis skal ha høg prioritet, men at omsynet til ei forsvarleg forvaltning av eigedomane tilseier endring i formålet. Brev frå styret ligg ved sak 34/15.

Av saksframstillinga går det fram at fylkesrådmannen ser det som positivt at stiftinga aktivt arbeider med å møte framtida og tek sikte på å utvikle bustadmassen dei skal leige ut i tråd med behovet til målgruppa. Det blir likevel presisert at fylkesrådmannen «*[u]tover dette (...) ikkje [tek] stilling til kor vidt stiftinga bør utvide sitt føremål til det stiftinga omtalar som eit samfunnsoppdrag*».

Då det er styret i stiftinga som har teke til orde for å endre formålet går vi ut frå at styret vil vurdere endringa i lys av § 46 i ein eventuell søknad om omdanning. Fylkeskommunen har ikkje «teke til orde for» ei endring av formålet, og har førebels ikkje gjeve fråsegn etter § 49 i høve ei slik endring. Sidan Helse Førde har reist spørsmålet i eit brev til fylkeskommunen, vil vi likevel påpeike at fleire av dei alternative omdanningsgrunnane i § 46 kan gjere seg gjeldande i denne

saka. Utfordringane med å få leigd ut dei største leilegheitene til tilsette har ført til at opprettar sine føresetnadar for formålsføresegna til dels har svikta, jf. § 46 første ledd c). Vidare kan det argumenterast for at formålsføresegna er blitt «åpenbart uheldig eller åpenbart ufornuftig» all den tid dei tilsette ikkje ønskjer å leige dei største leilegheitene, jf. § 46 første ledd d). Eg framhevar også at styret har understreka at dei tilsette hjå sjukehuset framleis skal ha prioritet. På denne måten vil endringa i tråd med § 47 første ledd bli tilpassa det opphavlege formålet så langt som mogleg.

I korrespondansen frå HF peiker HF på at det i samanheng med handsaming av endring av formål ikkje opna nokon dialog mellom styret i stiftinga og Helse Førde om restrukturering av eigedomsmassen framfor å opne opp for andre leigetakarar. Eg meiner at slike spørsmål vil vere naturleg å avklare i forkant av ein søknadsprosess om omdanning, og vil oppmode om at dette vert etterspurt/peika på i ei eventuell fråsegn frå fylkeskommunen.

Prosess

Det følgjer av vedtektene til stiftinga i Lærdal at styret handsamar sak om vedtektsendring og at fylkeskommunen gjev fråsegn. I vedtektene til stiftinga i Førde, står det at styret kan fremje sak om endring, og sende saka over til endeleg godkjenning hjå fylkeskommunen. For stiftinga på Nordfjordeid står det at styret vedtek forlag om endring i vedtektene. Fylkesutvalet gjer vedtak. Vedtektene til sistnemnde stifting kan ikkje forståast slik at det er fylkesutvalet som tek endeleg avgjerd om omdanning, då opprettar ikkje kan ha slikt mynde etter stiftingslova § 48, 2. ledd. Stiftingstilsynet har omdanningsmynde.

Mi tilråding er at stiftingane syter for å søkje om omdanning til stiftingstilsynet. Dette er naturleg ut frå utgangspunktet i lova. Ein gjennomgang av vedtektene syner at det er hensiktsmessig med revisjon på fleire punkt for å få dei i samsvar med gjeldande lov og for å rette opp namna på to av bustadstiftingane. Fortrinnsvis ynskjer opprettar difor at styret i dei tre stiftingane i samsvar med vedtektene sjølv søker om omdanning.

Ved styret sin søknad om omdanning til stiftingstilsynet, skal opprettar gje fråsegn. Eg tilrår at fylkestinget gjev meg fullmakt til gje slik fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak. Dersom omdanninga omfattar andre endringar enn det som er omhandla i fylkestinget sitt vedtak, tilrår eg at fylkesutvalet får fullmakt til å gje fråsegn.

Det må gjennomførast tre parallelle søknadsprosessar, ein for kvar enkelt bustadstifting.

4. Konklusjon

Mi tilråding er at valretten vert overført til Helse Førde og leigebuarane. Dersom Helse ikkje aksepterer ein slik delt valrett, skal heile valretten overførast til Helse Førde. For begge tilfelle vel styret styreleiar. Vidare tilrår eg ein valperiode på 4 år for styremeldemane. Dersom delt valrett, må endringa av vedtektene også omfatte ei regulering av valintervall slik at delar av styret er på val kvar 2. år. Eg gjev vidare tilråding om at styret for stiftinga i Førde framleis skal bestå av fire, og ikkje tre, medlemmer. Endeleg rår eg fylkestinget til å be stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.